



Notat

Til: Ingrid Bjørge Pedersen

Kopi til:

Saksbehandler: Vegavdelinga/Irene Wilhelmsen
Vår referanse: 18/2059 - 8 / Gbnr - 134/184, FA - L42
Dato: 02.10.2018

Emne: Uttale vedkomande søknad om dispensasjon frå regulert byggjegrænse mot veg - notat - gbnr 134/184 Hilland

Tiltak: garasje
Byggjestad: Gbnr: 134/184 Gangstøvegen 40
Tiltakshavar: Janne Natås Magnesen
Ansvarleg søkjar:

Vegavdelinga kan tillate avkøyring til ny garasje i Gangstøvegen 40. Det er standard krav til avkøyrsløse med heimel i veglovas §§ 40 til 43 som må liggje til grunn.

Måla oppgitt på situasjonsplan tilseier at ein vil kunne snu med personbil på eiga tomt. Men, det bør sjekkast opp i om egedommen har vegrett over gbnr 134/466. Slik kartet er teikna inn, eig ikkje 134/184 arealet avkøyrsla er etablert på og 7m er ikkje målt frå eigedomsgrensa men frå vegkant over anna manns grunn. Dersom ikkje vegrett ligg føre, er ikkje kravet til å snu på eige tomt tilstades.

Det er tydeleg ut i frå satelittbilete at tomte allereie er planert og mur er oppført mot regulert veg inn i til bustadfeltet. Det er viktig at denne muren er forankra på ein slik måte at det illke er fare for utrasing mot eksisterande veg.

Den allereie etablerte muren kan ikkje vere høgare enn maksimalt 0,5 m i siktsona som her er 4x45m (fartsgrense 50km/t). Mur og garasjebygning må heller ikkje ta sikt frå naboane. Det er pr. i dag ikkje vist på situasjonskart at mur og bygg ikkje vil ta sikt for avkøyrsla/vegen nedanfor. Avkøyrsla til naboane må heller ikkje ha sikthindring høgare enn 0,5m og 4x45m frisisiktzone. Det må stillast krav til at naboen si sikt vert oppretthalden.

Det må og visast at kravet til svingradius $r=4$ er tilfredstilt og drenering under avkøyrsløse er etablert med minimum 200mm røyr.

Mvh for vegavdelinga, Irene N. Wilhelmsen

